

til ei felles *skogavgift*. Mangeårig leiar i Skogeierforbundet, Hans Evin, hadde kjempa fram denne avgifta, som i røynda er ei skattefri fondavsetning for skogeigarane. Kombinasjonen av skogavgift og eit godt offentlig rettleingsapparat har gjort det mogeleg å ha ei relativt liberal skoglovgiving i Noreg, i motsetning til mange andre land med strenge lover og store bøter for dei som ikkje plantar til med skog etter ei drift.

Tømmeromsetninga vart normalisert etter Korea-boomen, men kvart år var det mykje tautrekking og uvisse om prisane, noe som påverka drifts- omfanget negativt. Industrien kunne rekne med at dei hadde prisstyrsmakten og regjeringa på si side, og derfor var dei som regel lite kompromissvillige. Ei av årsakene til at regjeringa Torp (1951-55) gjekk av i slutten av januar 1955, var striden om tømmerprisane. Torps landbruksminister, Rasmus Nordbø, hadde vore stiel, og Skogeierforbundet hadde truga med leveringsstopp. Den påtroppande landbruksministeren i Gerhardsen III (1955-63), Olav Meisdalshagen, hadde stilt krav om å få frie hender til å la prisforhandlingane mellom Skogeierforbundet og industrien gå utan stadleg innblanding. Resultatet vart ein avtale om ein sterk prisauke, frå 64 til 79 kroner pr. m³.¹⁴ Dette vart sett på som ein stor siger for skogeigarane, og industrien innsåg at dei ikkje lenger kunne sansa på at regjeringa blanda seg inn for å halde prisane nede. Ein biverknad av dette oppgjøret var at partane seinare på vinteren forhandla fram ein *hovedavtale for skogbruket*, som vart underskriven i april 1955.

På 1950-talet var skogarbeid eit tungt, manuelt arbeid og skogbruket lite mekanisert. Fagopplæringa hadde vore styrkt i 1946 ved etableringa av Yrkesskolen for skogarbeidare på Sønsterud i Åsnes. Mange skogshusvære var kalde og trekkfulle, og det var så som så med mastrellet. Talet på skogarbeidarar gjekk ikkje like raskt tilbake som talet på leigd arbeidskraft i jordbruket. Ja, fram til 1950 auka talet litt, til 39 600, og enno i 1960 var det 31 000 skogarbeidarar. Men på 1960-talet kom dei første rammestyrte skogstraktorane og dei heimekaniserte hogstmaskinane, som etter kvart skulle revolusjonere det moderne skogbruket.



POLITISK VAKUUM OG MAKTKAMP MELLOM ORGANISASJONANE

Et av hovudstridsspørsmåla i jordbrukspolitikken etter krigen vart korleis bondenæringa skulle sikrast jamstilling – slik Bondelaget kravde og Fellesprogrammet hadde lova. Eit vidare spørsmål vart korleis dette kunne gjennomførast når næringspolitikken skulle formast i eit samarbeid mellom regjering og næringsorganisasjonar. Her sto det strid innanfor

og mellom organisasjonane dei første fredsåra om *landbruket skulle nei/la ei aksjonslinje, eller om næringa skulle forhandle og samarbeide*, slik regjering og Gerhardsen ønskte. I det økonomiske opplegget til regjeringa vart industrien gjort til «hovednæring», og det viktigaste målet var økonomisk vekst. Landbruket var tiltenkt oppgåva med å forsyne resten av samfunnet med mat, fiber og arbeidskraft. Gjennom rasjonalisering skulle det frigjerast arbeidskraft i primærnæringane, og innetektene skulle auke for dei som var att. For å gjennomføre ein slik politikk skulle ein utvikle bransjeråd med representantar frå staten og organisasjonane i næringa.

Dersom landbruket valde samarbeidslinja, slik regjeringa ville, kom det opp ei anna problemsstilling: *Kven skulle forhandle på vegner av landbruket, samvirkeorganisasjonane eller dei to faglag?* Som vi såg i den førte delen, vart det alt i dei siste åra av okkupasjonen arbeid i to forskjellige grupper med modelar for nyorganisering av landbruket etter krigen. Målet var ein felles organisasjon med landbruksamvirket i førarsetet.

Organisasjonane finn sin plass

Alt 9. mai 1945 kalla krinsen rundt Jon Sundby og Norske Melkeproducenters Landsforbund inn til møte 24. mai, der Felleskontoret for landbrukets omsetningsorganisasjoner skulle etablerast.² Felleskontoret skulle arbeide på eit breitt felt, frå prisspørsmål til rasjonalisering, statistikk og opplysning. Dei økonomiske organisasjonane utnyttar no det landbrukspolitiske maktraket etter den tyske kapitulasjonen.

Ei forklaring på dette kupperta møtet kan vera at Jon Sundby ville utnytte posisjonen sin i dei økonomiske organisasjonane til å etablere «det andre makssentrum». Som den mektigaste mannen i landbruket på 1930-talet mangla han ein maktbasis i Norges Bondelag. Bondelaget og Småbrukerlaget var inviterte til møtet, men sende berre observatørar. Ved oppstarten av Felleskontoret var NML med Sundby som formann den leiande organisasjonen og skulle bera 30 prosent av utgiftene. I førsinga var seks organisasjonar med, seinare kom seks til, slik at da Felleskontoret vart omdanna til Landbrukets Sentralforbund i desember 1947, var det tolv medlemsorganisasjonar.³ Denne samlinga av samvirke skapte ved fleire høve rivingar og indre strid i det organiserte landbruket. Samtidig reflekterte det den dobbeltrolla som bøndene har hatt i heile perioden, både som *marknadsaktørar* og som *politiske aktørar*.

Dei to næringsorganisasjonane hadde i realiteten lege nede sidan hausten 1941, og det tok derfor litt meir tid før dei kunne gjera seg gjeldande i det maktspelet ein fekk fredsvåren. Både krinsen rundt Einar Gerhardsen i Arbeidarpartiet og leiande krinsar i Bondelaget fremja tanken om

ei samanslåing av dei to faglag. Men det vart med tanken, ein tanke som også vart lagd fram fleire gonger seinare i etterkrigstida. Etter kon-
takt mellom Bondelaget og Småbrukarlaget vart *Landbruksrådet* lansert i slutten av juni 1945 som eit samarbeidsforum mellom dei to organisa-
sjonane. Landbruksrådet hadde tre medlemmar frå kvart av dei to faglag
og skulle ta opp saker som det var ønskeleg å fremja i fellesskap. Etale-
ringa av Landbruksrådet var ein reaksjon på og eit mottrekk mot etale-
ringa av Fellekontoret. Siølv om Landbruksrådet berre vart eit intermeso
i norsk landbrukspolitikk, er det eit eksempel på den samarbeidsanda som
rådde i dei første fredsåra, både blant landbruksleiarane, i forvaltninga og
hos dei politiske styresmaktene.

Styresmaktene og organisasjonane hadde ulike motiv for å støtte
moralisk opp om Landbruksrådet. Dei to faglag ønskte å skapa ei mot-
vekt innom Fellekontoret, mens staten hadde bruk for ein legitim motpart
som kunne representere eit samla landbruk og ta ansvar i oppbygginga
av eit korporativt system i landbrukssektoren. Den nye typen organisert,
planøkonomisk kapitalisme innebar eit tett samarbeid mellom strategiske sty-
resmakter og interesseorganisasjonane i næringslivet. Det var eit teikn i
tida at den første generalsekretæren i Bondelaget etter krigen (1945-46),
Olav Høgna, var medlem av Arbeidarpartiet. Statsminister Einar Ger-
hardsen arbeidde også for samanslåing i 1946. I 1950, da mangeårig gene-
rasekretær i Småbrukarlaget, Halvdan Egeberg (1933-50) døydd, bad
Gerhardsen seinare landbruksminister Rasmus Nordbø om å ta over denne
jobben. Nordbø sa nei, men motivet var «både å få en pålitelig kar på
denne posten, og for å få til en samling av de to organisasjonene».⁵

Etter kvart som dei to faglag kom seg på føtene att, vart det raskt klart
at dei kom til å bli motparten til staten i prisspørsmål. Hausten 1945 had
Prisdirektoratet dei to om å legge fram prissforslag.⁶ Våren 1946 fremja
faglag gjennom Landbruksrådet eit felles priskrav på 50 prosent, subsi-
diært 15 prosent. Bakgrunnen for dette høge kravet var mellom anna at
Fellesprogrammet for dei politiske partia i 1945 hadde slått fast at land-
bruket skulle «sikres en jevnbyrdig stilling ved siden av de andre næringer».
Lønnsvevna i jordbruket i 1945 var ifølgje Landbruksrådet berre på om lag
40 prosent av timefortenesta i industrien.⁷ Eit priskrav på 50 prosent var
derfor etter Landbruksrådet si meining i tråd med lovnaden i Fellespro-
grammet. Dessutan hadde prisane vore haldne nede av priskontrollen.
Matmangelen under og like etter krigen gjorde at etterspurnaden etter vilk-
tige landbruksprodukt no var stor. Dermed hadde det demt seg opp eit
sterkt press på produsentprisane. Men forhandlingane førte ikkje fram.
Staten ved Prisdirektoratet fastsette ein mindre prisauke for mjølk, kjøtt
og fleisk, som svarta til om lag halvparten av det subsidierte kravet. Dette
første forsøket på å få til ei forhandlingsløsning førte derfor ikkje fram.

Grunnen var dels den strenge linja for prisstabilitet og dels dei store for-
ventingane om prisauke ute blant produsentane.

Samarbeid eller aksjonisme?

Organisasjonane var no under press frå ei meir aktivistisk aksjonslinje
på grunnplanet, særleg blant mjølkeprodusentane. I mars 1946 vart
Jordbruksprodusentenes aksjonskomité danna med tilslutning frå Tele-
mark, Østfold, Trøndelag og Akershus. Aksjonsåpnet dei såg for seg,
var mjølkestreik.⁸ Denne typen *aksjonisme* passa dårleg for regjeringa, som
framfor alt ville ha prisstabilitet, plan og samordning mellom samfunns-
interessene. Aksjonismen på grunnplanet passa også dårleg for leinga i
Bondelaget og Småbrukarlaget, fordi dei gjerne ville ha kontroll med kven
som skulle fremja krav og føre dei fram på vegner av landbruket. Nærings-
organisasjonane hadde derfor lite å gå på i tingingane med staten. Sær-
leg i Bondelaget var det intern usenje om linjeval. Bondelagsleiar Arne
Rostad (1945-51) var ein varm talsmann for samarbeidslinja, både med
styresmaktene og Småbrukarlaget. Jon Leirfall rala aksjonistane si sak.
Han hadde vore formann i jamstillingsnemnda i Bondelaget, som i 1939
hadde konkludert med at arbeidsvederlaget i landbruket skulle vera like-
stilt med arbeidsvederlaget i andre næringar.⁹

Småbrukarlaget hadde også problem med å få med seg medlemmar
og tillitsvalde på ei samarbeidslinje med styresmaktene. Dette vart let-
tare etter at småbrukarlagsfolka i Jordbrukets Aksjonskomite på opp-
moding frå sentralt hald trekte seg ut vinteren 1946-47. I mars 1947 vart
aksjonskomiteen tatt opp som eit aksjonsutval i Bondelaget etter forslag
frå Jon Leirfall, og dermed var dei stridlynde aksjonistane komne i hus.¹⁰
Med dette var også grunnlaget lagt for ei tilpassing til lønnsrakaane sin
inntektskamp. Nærast etter føredøme frå fagrørsla i LO etablerte Bonde-
laget eit aksjonsapparat i kvar bygd. Det vart henta inn skriftlege lojalit-
tetslisegner frå to av tre mjølkeprodusentar i tilfelle konflikter. I mai 1948
hadde dei tillitsvalde i Bondelaget samla inn 74 000 underskrifter frå
aksjonslojale bønder. Berre 13 000 av dei hadde bruk over 100 dekar. Dette
viser at aksjonslinja for høgare prisar hadde stor sympati i små-
brukarkrinsar, særleg på Sørlandet og Vestlandet. Mange av dei som skreiv
under på lojalitetslovnader, var heller ikkje medlemmar av Bondelaget.

Høgprislinja i prisspørsmål som Bondelaget no var i ferd med å legge
seg på, hadde ikkje tilslutning i leinga i Norsk Bonde- og Småbrukarlag.
Etter komitearbeid og interne diskusjonar i 1946 slo Småbrukarlaget fast
at eintidig prisauke på produkta til produsent ville gi mest til dei som
produserte mest. Laget ville heller sarse på tilskott til drifta, billegare

omsetning og betre kredit-tilgang til små bruk." Småbrukarlaget la seg med dette på ei *lågprislinje* i opposisjon til Bondelaget, men som passa godt til regjeringa sin strenge økonomiske politikk for prisstabilisering. Derimot ønskte Småbrukarlaget ei strekare inde utjanning med statsmidlar enn det regjeringa ville gå med på.

Føre pristingsingane i 1947 var det stort språk mellom høgprislinja til Bondelaget og Småbrukarlagets lågprislinje. Landbruksrådet klarte så vidt å bli samde om eit forhandlingsgrunnlag med staten. Men semja vart broten ved at representantskapet i Bondelaget sa nei til dette kompromisset. Organisasjonane gjekk deretter til forhandlingane med kvar sine krav. Utfallet vart at Småbrukarlaget gjekk med på pristilbodet frå staten, imot å få 6 millionar kroner til nedskriving av prisen på kunstgjødsel og potetrygd, av ei total inntektsramme på 72 millionar kroner for avtaleåret 1947-48. Dette var den første jordbruksavtalen som vart underskriven

Spreying på Sorland i Vesterålen sommaren 1960. Spreying med kjemikaliar vart dei første tåna etter andre verdskrigen sett på som ein ufarleg og udiskutibel del av den nye tida i landbruket. Først mot slutten av 1960-talet vart det reist ein diskusjon om korleis plantegiftenes verka, på mennesket sjølv og på plantar, fuglar og dyr i vesten av økosystemet.



mellom staten og representantar for jordbruket. Dermed var det lagt eit spor som fører heit fram til tidleg på 1980-talet, med Småbrukarlaget som ein meir medgjertleg og samarbeidsvillig næringsorganisasjon, i alle fall når Arbeidarpartiet sat med regjeringa. På grunnlag av handsaminga i finanskomiteen vart det formulert eit forlik om jamstilling 2. oktober 1947, som Bondelaget seinare ofte siterte:

Jordbruket bør få beholde fordelene av produktionsauken som et ledd i jamstillingsarbeidet. Dette arbeidet må fremmes frå år til år, og det må sørges for at jordbrukets lønninger og lønnsvevne ikke forverres i forhold til de andre næringer [...] Jordbruket må sikres avsetning for sine produkter for å trygge en rimelig selvforsyning.¹²

Rekneismeistrane tar over

Presisjonsnivået i vedtaket frå 1947 var framleis lågt, sjølv om ein ser ein politisk vilje til å støtte jamstillingstanken. Eit av problema med prisforhandlingane for jordbruket var det mangelfulle detamaterialiet. Alt i november 1945 hadde Landbruksrådet på opmoding frå Prisdirektoratet sett ned ein priskomite som hadde representantar frå både Landbruksrådet, Skog og Land og dei økonomiske organisasjonane. Priskomiteen peika ut Hans Borgen, Paul Dalberg og Karl Bonden til ein «beregningsskomité», som fekk sekretariat i Felleskontoret. Alle tre høyrde til den unge garde av dyktige landbruksakademikarar som no i dei første etterkrigsåra rykte inn og fylte leiande roller i organisasjonane og institusjonane i landbruket.

Ein kan spørja seg om kvifor styresmaktene ved Prisdirektoratet lét folk frå organisasjonane til landbruket sjølv stelle med prisutrekningane. Men dette var i tråd med styringsideologien til Arbeidarpartiet, der ein regulert planøkonomi skulle bygge på medansvar og partssamsatte ekspertorgan. Innstillinga frå Berekningskomiteen frå 1946 kom til å bygge på den svenske modellen for totalbudsjett for jordbruket, som hadde vore i bruk ved prisforhandlingar der sidan 1940. Forslaget fekk mykje kritikk, mellom anna frå Prisdirektoratet og Finansdepartementet. Ei innvending var at mens inntektspostane var baserte på samla tal for heile jordbruket, var kosnadspostane baserte på dei lite representative Diftsgranskningane til Norges Vel. Fram til 1947 bygde Diftsgranskningane berre på om lag 300 veldrivne og relativt store bruk.

Under den fastlåste situasjonen ved prisforhandlingane i 1947 kalla statsminister Gerhardsen Bondelaget og Småbrukarlaget inn til seg. Usikkert talmateriale var eit av problema, og på møtet vart det semje om å

setta ned eit berekningsutval under Det økonomiske Samordningsråd med formannen der, Klaus Sunnanå, som formann. I dette berekningsutvalet sat mellom andre Odd Aukrust frå SSB og leiaren for Driftsgranskingsane, Arne Eskeland, saman med Karl Bonden frå den første berekningskomiteen. Berekningsutvalet la fram ei samrøystes innstilling til system for utrekning av totalrekneskap og budsjett for jordbruket. Dermed var grunnlaget lagt for ein måte å rekne inntekt og kostnader på som alle partar kunne godta. Denne løysinga vart institusjonalisert ved oppnemninga av *Budsjettutnemnda for jordbruket* i juni 1948.

Budsjettutnemnda var samansett av ekspertar og partane i prisforhandlingane, og medlemmane var i stor grad henta frå Berekningsutvalet. Formålet med nemnda var at ho skulle legge fram eit talmateriale som partane var samde om, og som galdt utviklinga av produksjon, arbeidsforbruk, kostnader og inntekter i jordbruket. Dette talmaterialet skulle vera grunnlaget for prisforhandlingane. Materialet kom dels frå Driftsgranskingsane og dels frå data innsamla av Statistisk sentralbyrå. Etter forslag frå Rasio-naliseringskomiteen vart grunnlagsmaterialet til Driftsgranskingsane kraftig utvida i 1947, da det skulle gjelde om lag 1000 bruk. Komiteen foreslo samtidig å skilja ut Driftsgranskingsane som eigen, uavhengig institusjon, «slik at det ikke kan reises noen tvil om dens saklighet og objektivitet».¹³ Dermed var Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI), noverande Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF), etablert. Sekretariatet i Budsjettutnemnda var framleis plassert i Landbrukets Sentralforbund, men etter krav frå Finansdepartementet fekk nemnda eige sekretariat i 1955.¹⁴

Frå kollektiv aksjon til hovudavtale for jordbruket

Tross i usemia mellom dei to faglagane under prisforhandlingane i 1947 vart dei samde med staten om å greie ut grunnlaget for ein langsiktig avtale om prisforhandlingar for jordbruket. Under forhandlingane i 1948 var det eit kjølig klima, og Bondelaget hadde no aksjonsvåpenet klart. 10. august gjorde styret i Bondelaget vedtak om

å ikke avslutte salgskontrakter, sette i gang tømmehugst eller påta seg skogskjøring før prisforhandlingene er avsluttet med et resultat som står i samsvar med Stortingets vedtak av 2. oktober 1947.¹⁵

Hogststoppen skapte eit spent forhold i fleire år mellom Bondelaget og Skogseierforbundet. Norges Skogseierforbund hevdar at skogbrukspolitikk og hogststopp høyrde inn under dei domene.

Ved å truget med ein hogststopp som ville ramme både gjenreisninga og ein av dei få eksportbransjane i landet, hadde Bondelaget sett press på to svake punkt for staten. Regjeringa stansa straks forhandlingane, men da Bondelaget heva vedtaket om hogststopp, vart det raskt nye tingingar. Berre ein måned etter vedtaket om hogststopp vart den første toårige avtalen (1948-50) med bae dei to faglagane inngått. Samtidig var det nedsett eit trepartsutval som skulle koma med framlegg til ein *hovudavtale for jordbruk* etter same lesten som Hovudavtalen mellom LO og NAF av 1935. Utvalet la fram eit utkast i juni 1949, og i mars 1950 var det semje om ein hovudavtale for jordbruket, som vart godkjend ved kongeleg resolusjon 1. september 1950. Dermed var jordbruket inne i den sosialdemokratiske orden, og tilhøvet mellom staten og næringsorganisasjonane i landbruket var normalisert.

Etter Hovudavtalen skulle dei to faglagane fremja krav i fellesskap og opptre som ein part under forhandlingane. Kvar av organisasjonane hadde tre medlemmar i forhandlingsutvalet. Næringsorganisasjonane vart sittande i forarstet frå jordbruket si side i forhandlingane med staten. I starten var LS indirekte representert ved at dei to faglagane nemnde opp kvar sin medlem frå samvirket. Rolla til dei økonomiske organisasjonane var ikkje klart definert i Hovudavtalen, men i paragraf 8 vart partane frå jordbruket pålagde å gjennomføre dei regulerande tiltaka og gjera sitt til at det same skjedde med «de andre organisasjoner innen jordbruket».¹⁶

Når det gjaldt marknadsregulering, var både staten og faglagane heilt avhengige av at samvirkeorganisasjonane følgde opp det som vart fastsett i avtalen.¹⁷ Her sto Omsetningsrådet under omsetningslova sentralt, med heimel til å kreva inn avgift for å finansiere lagring og eksport. Eit slikt system der landbruket har eit sterkt medansvar for pris- og produksjonsregulering, med unntak av kornsektoren, er særmerkt for Noreg.¹⁸ I andre land i vår kulturkrets bygd styresmakterne opp stadlege reguleringsorgan i denne perioden. Denne praksisen med å la samvirkeorganisasjonane drive sjølvregulering vart utvikla vidare etter kvart, og det gav næringa ei sterkare rolle og bondene meir makt enn i noen av nabolanda våre. Etter at Hovudavtalen kom, vart Landbruksrådet meir og meir passivt og døydde nærast av seg sjølv på slutten av 1950-talet.

Jordbruksforhandlingar med uro under overflata

Utover 1950-talet kom staten og faglagane i jordbruket fram til prisavtalar dei fleste åra. Produksjonen tok seg opp, slik at maksimalprisane på kjøtt, fleisk og frukt vart oppheva etter kvart. I avtalen for 1950-52 vart det tatt inn ein passus om heilautomatisk regulering av pri-

sane i jordbruket når konsumprisindeksen passerte ei grense som var definert i avtalen mellom LO og NAF («den røde strek»). Da dette skjedde i 1951, vart det strid om tolkinga av kor mye jordbruket hadde krav på. Norges Bondelag gjennomførte såstopp for våkveite og ein kortvarig leveringsstopp for kjøtt, fleisk og potet våren 1951.²⁹ Aksjonen vart stempla som ulovleg av Stortinget på grunn av at fredsplikta i tariffperioden var broten, og vart raskt stransa. Det kom til nye forhandlingar med semje om eit kompensasjonsbeløp for 1951-52. Etter det kom ein roleg periode med avtalar med bae organisasjonane i perioden 1952-55.

Men våren 1955 braka det laus att. Bondelaget sa opp avtalen og ville forhandle, mens Småbrukarlaget ville fortelje avtalen med eitt år. Slik vart avtalen forlengd med eitt år, ettersom Finansdepartementet tolka Hovudavtalen slik at ingen av partane kunne seia opp prisavtalen einseitig. Etter forsommartørke og avlingssvikt, særleg på Austlandet og Sørlandet, vart det seinare på sommaren gjennomført forhandlingar om kompensasjonar. Statsminister Gerhardsen leidde sjølv forhandlingsdelegasjonen, i spissen for finans-, lønns- og pris-, landbruks- og handelsministeren. Forhandlingane tok til i august, men drog ut, særleg på grunn av dei steile krava frå Bondelaget om 10 øre auke i mjølkepriisen. 11. september 1955 braut Bondelaget forhandlingane. Under sin nyalde formann, venstremannen Hallvard Eika frå Bø i Telemark, gjekk dei til ein todagars mjølkestreik 12. og 13. september. Leveringsstoppen var ikkje varsla og kom overraskande både på styresmaktene og forbrukarane.

Småbrukarlaget beklaga aksjonen. Allri i 1951 hadde laget, også med ein venstremann i spissen, Ole E. Noem frå Verdal, gjort vedtak om at dei var imot aksjonar frå jordbruket på generelt grunnlag. Styret i Småbrukarlaget meinte derfor at dei berre følgde gyldige vedtak når dei ikkje støtta streiken i 1955. Men utover landet vart den manglande støtta frå Småbrukarlaget oppfatta slik at laget sto på regjeringa si side imot bøndene. Oppslutninga om mjølkestreiken vart stor. På Holonda sat lokalagsformannen i Småbrukarlaget på med mjølkebilten til byen på første streikedag, og han kunne berre konstatere at det var berre han sjølv og ein annan trugen Ap-nabo som leverte mjølk den dagen.³⁰ Folk i Bondelaget stempla dei som ikkje var med på aksjonen, som streikebrytarar. Etter nye forhandlingar vart det semje med regjeringa om 40,5 millionar kroner i tørketilskott.³¹ Bondelaget kunne kassere inn nye medlemmar og støtte til aksjonslinja si, sjølv om det ikkje vart mange millionar å få ut over det første tilbødet.

Det som låg under denne konflikten mellom Bondelaget og Småbrukarlaget, var som alt nemnt ulikt syn i prispolitikken, i tillegg til ulik politisk og ideologisk avstand til regjeringspartiet. Men våren 1956 sto dei to næringsorganisasjonane saman i forhandlingane, og det vart semje om ein

toårig avtale. Det vart no innført ei avgift på kraftfôr i staden for rasjonerings som hadde vore før. På ettersommaren vart det brot i forhandlingane om auka sesongprisar på kjøtt og fleisk. I november gjekk Bondelaget og Småbrukarlaget til den første felles leveringsstoppen, som varte i tre veker. Resultatet vart at staten ved Lønns- og prisdepartementet bøygde av.

I 1958 vart det semje om ein treårs avtale fram til 1961. I denne avtalen kom det ei pris- og marknadsordning for korn med statsgaranterte prisar administrert av Statens kornforretning. Ordninga med maksimale prisar for mjølk vart ført vidare, og det vart sett målprisar for kjøtt, fleisk og egg som samvirkeorganisasjonane forpliktet seg til å halde seg innanfor. Når prisane steig over eit visst nivå, utløyste dette import. Denne avtalen bygde i stor grad på idear frå arbeidet i Jordbrukets avsetningskomité (Aresvikkomiteen), som vart oppnemnd i 1956 for å handsama produksjonstilpassinga med stigande produksjon og ein marknad som ikkje voks i same grad. Avtalen for 1958-61 vart eit mønster for framtidige jordbruksavtalar, og det landbrukspolitiske avtalesystemet for den sosialdemokratiske orden var på plass.

Etter 1955 våga ikkje Småbrukarlaget å stå aleine saman med staten når Bondelaget aksjonerte. På den måten kan ein seia at Småbrukarlaget hadde tapt kampen om aksjonsvåpenet. Men Småbrukarlaget si linje vann fram på andre område. Ved å gå inn for tilskott i staden for auka prisar fekk dei gjennomslag for fleire nye tilskott. I avtalen for 1952/53 kom det inn fraktilskott for mjølk og kjøtt. Eit anna viktig verkemiddel var tilskott til bygging av reguleringsanlegg, som kom inn same året. I 1956 vart det oppretta fond til bygging av driftsbygningar, og i 1958 kom det tilskott til bygging av siloar. Saman med tilskotta til dyrking og grøfing, var dette svært viktige verkemiddel i bruksutbygginga på 1950-talet. Over-skrifta for desse tilskotta var den såkalla *indre rasjonalisering*, som gjekk ut på å legge til rette for ei betre utnyting av dei ressursane bruka alt rådde over. Det vart skilt mellom denne indre rasjonaliseringa og den *ytre rasjonalisering*, som gjekk ut på å skaffe mindre bruk meir jord og skogressursar. Det var også lagt til rette for ei ytre rasjonalisering gjennom jordlova av 1955, men denne lova kom skikkeleg i fokus først på 1960-talet.

Rådgiving og planlegging får si form

Den aktive jordbrukspolitikken opna for ein ny garde av unge agromatar. Kva rolle fekk dei? Dei første offentlege agromatar i herada vart tilsette alt under første verdskrigen. Ei ordning med kommunale agromatar underlagde landbrukselskapa vart vedtatt av Stortinget i 1927. Men denne ordninga vart lite utbreidd, ettersom kommunane sleit hardt